

Høgskulen i Volda

Årlig klima- og miljørapport for 2021



Virksomheten sertifiseres etter følgende kriterier:

Bibliotek, Felles kriterier, Leietaker

Sertifikat

Type: 3-årig


Utstedt: 30 jul., 2021

Utløper: 30 jul., 2024

Systemindikatorer

Antall årsverk for rapporteringsåret

8% fra 2020




Kommentarer

Tal årsverk er henta frå DBH.


Talet gjeld som tidlegare: utlån bøker og tidsskrifthefta i papir frå eiga samling (fjernlån inn og papirkopier som erstattar lån ikkje rekna med, heller ikkje fornying /omlån). Talet på bibliotekbrukarar innom lokala var ikkje heilt oppe på tala før pandemien enno. Tilvokstere av nye papirbøker var omlag som tidlegare, av nye e-bøker høgare enn snittet. Tilgangen på passordtildelt (gratis, men ikkje open tilgang - OA) nytilgang av norske skjermtekster/e-bøker (dei som eintydig avløyser papirdokument til låns) frå nasjonale fellesløyser (noko vi ikkje statistikkfører bruken av) har vore vanskelegare dette året enn på høgda av pandemien. Men når det gjeld bruken av utanlandske e-bøker frå kjelder vi betaler for, har denne for fyrste gong i 2021 eintydig gått forbi talet papirutlån. Uvisst kor mykje dette verkar inn på mengda bøker vi sender frå oss til fjernstudentar. Men talet fjernlån av papirbøker som må ut i frakt aukar og er no større enn før pandemien. Talet dokument (gjeld og papirbøker) vi formidlar som fjernlån inn frå andre bibliotek (ikkje rekna inn i totalen her) har minka sakte, men jamt talmessig over åra, pandemi eller ikkje.

Innkjøp


Antall miljømerkede produkter



Antall leverandører som har et sertifisert miljøledelsessystem som Miljøfyrtårn, ISO 14001, EMAS eller tilsvarende.




Andel av vesentlige leverandører som har et sertifisert miljøledelsessystem



Totalt mengder årlig forbrukt papir

-13% fra 2020



Kommentarer


For å kartlegge innkjøp er Miljøfyrtårn sitt skjema for leverandørkartlegging nytta. Innkjøpssum per leverandør og total kjøpesum i 2021 er henta frå UBW, og viser at dei 20 største leverandørane står får 35% av alt som er kjøpt inn i 2021. Blant desse 20 er 8 leverandørar Miljøsertifisert, det same som året før. HVO har premiert Miljø ved anskaffingar, men mange av dei største kontraktene blir ikkje konkurranseutsett (Statsbygg, SPK forsikring, Studentskipnaden i Volda, Unit, Volda kommune, Ørsta kommune og Sunnmøre kulturnæringshage AS) då fleirtalet av desse er offentlege verksemder, eller har annan tilknytning til HVO.

Papir: Der er ein nedgang på 700 kg frå 2020. Ei årsak er at mykje av undervisninga har vore digital i 2021, og tilsette og studentar har ikkje vore fysisk tilstades. Ei anna årsak er at hustrykkeriet har blitt lagt ned.

Energi


Energiforbruk

6% fra 2020



Energiforbruk pr. kvadratmeter

1% fra 2020




Kommentarer


Total energibruk er henta frå Energinett som har målarar på alle bygga ved Høgskulen. Totalt energibruk er delt på totalt oppvarma areal for å måle kWh per kvadratmeter per år. Høgskulen fekk eit nytt bygg i juli 2021, noko som ga ei forventet auke i oppvarma areal for deler av året. Bygget er energieffektivt, noko som vil gi redusert energiforbruk på sikt. Energi per kvm gjekk opp frå 146 kWh i 2020 til 147 kWh i 2021. Kald vinter og mindre bruk av heimekontor i 2021 samanlikna med 2020 kan vere medverkande årsaker til dette.

Transport


Drivstofforbruk, totalt




Drivstofforbruk per mil




Antall kjørte kilometer




Tjenestereiser



Kjøregodtgjørelse for tjenestereiser




Flyreiser



CO2-utslipp fra flyreiser

-40% fra 2020



Kommentarer

Antall liter diesel på HVO sine bilar er summert opp frå drivstoff-kontoen i UBW.

Antall km er rapportert inn ved måleravlesning på bilane.

Tal km køyrd med høgskulen sine bilar har gått opp i 2021, samanlikna med 2020. 2020 var sterkt prega av pandemi og mykje av normal aktivitet vart utsett. I 2021 var store deler av året som i eit normalt år og km.køyrd var nesten på nivå med 2019.


Drivstoffbruk per mil har gått kraftig ned frå 2020 til 2021. To av dei sju bilane er bytta til el-bilar, den eine el-bilen blir spesielt brukt til lokal køyring/korte distansar.

Tal flyreiser er lågare i 2021 samanlikna med 2019 som var eit normal. Det er forventta at tal flyreiser vil stige i 2022.


Indikatoren tenestereiser med bil er ny. Høgskulen ligg i eit geografisk område der privatbil er einaste reelle alternativ til transport.

Avfall og ombruk

Totalt avfall



Avfallsmengder per avfallskategori



Matsvinn og øvrig matavfall



Sorteringsgrad

-45% fra 2020




Kommentarer

Tala er henta frå Retura AS. Det er ei kraftig auke i restavfall til ettersortering. Dette på grunn av at vi har overtatt eit nytt bygg, og det har vore mykje opprydding under flytting. Nytt driftspersonell har også satt i gang fleire ryddeprosjekt elles på campus, så dette gir også auke i restavfall til ettersortering.

Klimaregnskap

CO2 totalt

9% fra 2020



Gjennomførte tiltak

Innkjøp og materialbruk

Ved innkjøp blir leverandørar med dokumentert miljøsertifikat premiert med ekstrapoeng i anbudsrunder. Blant dei 20 største leverandørane var 8 Miljøsertifisert. Dette er same antallet som året før. Mange av dei største leverandørane utfører vi ikkje konkurranse på (Statsbygg, SPK forsikring, Studentskipnaden i Volda, Unit, Volda kommune, Ørsta kommune, Sunnmøre kulturnæringshage AS), og kan dermed ikkje påverke om dei får seg Miljøsertifisering. Alle dei statlege føretaka har imidlertid fokus på Miljø i sine anskaffingar.

Avfall

Sivert Aarflot bygget var ferdig i 2021, og der er etablert kjeldesorteringsstasjonar. I tillegg har tre tekjokken på Berte Kanutte blitt oppdatert med oppvaskmaskin og kjeldesorteringsstasjonar, tiltaka reduserer behovet for eingongsartiklar og gir høve til kjeldesortering. Ved rehabilitering av Hans Strøm bygget er kjeldesorteringsstasjonar prioritert.

Det er laga ein informasjonsvideo som viser korleis ein skal sortere søppel. Denne har blitt vist på skjermar på fellesområder på høgskuleområdet.

Energi

Mordernisering av bygningsmassen pågår, om få år vil bygningsmassen vere mykje meir energieffektiv.

Arbeidet med å skifte ut belysning til LED er i gang, venta ferdigstilt i 2025.

Transport

To av HVO sine bilar har blitt erstatta med El-bilar, og det er etablert ladepunkt for HVO sine el-bilar på høgskuleområdet.

Sykkelhotell med ladepunkt for EL-sykkel, kortlås og kamera har blitt ferdigstilt i 2021, eit nytt er planlagt ferdigstilt ila 2022.

Utslipp til luft og vann

Videokonferanse blir brukt der det er hensiktsmessig. HVO har etablert fleire møterom med videokonferanseutstyr i 2021.

Annet

Ved ombygging av Strøm er det tatt omsyn til energieffektive løysingar.

Handlingsplan

Miljøpolicy med konkrete mål for helse, miljø og sikkerhet

Miljøpolicy for HVO vart vedtatt av leiargruppa i desember 2018:

- HVO skal ta miljøansvar i heile verksemda
- HVO skal arbeide systematisk for å redusere negativ miljøpåverknad
- HVO er Miljøfyrtårn

Miljøpolicy er uendra sidan 2018. Arbeidet med årleg klima- og miljørapport, inkludert handlingsplan bidreg til at det blir arbeidd systematisk i verksemda.

Den årege gjennomgangen av HMS-systemet vart gjennomført 02.02.22. I møtet deltok høgskuledirektør, personalsjef, hovudverneombod og HMS-seniorrådgjevar. Dei konkrete HMS-måla som skal ha særskild prioritet i 2022 vart justert. Målet om sjukefråvær på under 5,5% blir vidareført, dei to andre er nye. Den generelle HMS-målsettinga vert vidareført med ei justering av andre avsnitt, der verdiane frå ny strategiplan vert lagt til.

Sjukefråvær under 5,5%
Følgje opp ARK 2021
Gjere «sei i frå» kjend i organisasjonen

Ny strategiplan vart vedtatt for perioden 2022-2029. Ein viktig ambisjon er:
"Vi arbeider for ei berekraftig framtid i tråd med FN sine berekraftsmål og tek klima- og miljøomsyn i alle delar av verksemda".

Miljøfyrtårn er ein viktig del av arbeidet med bærekraft ved HVO. I 2022 vil vi arbeide vidare med implementering av Miljøfyrtårn ved heile HVO i samarbeid med aktuelle fagmiljø og Kommunikasjonsavdelinga.

Innkjøp og materialbruk: Tiltak

Fortsette å bruke Miljøsertifisering som tildelingskriterium i konkurransar. Dette er eit tiltak for å bidra til at fleire leverandørar finn verdien av å miljøsertifisere seg ved at dei får ekstrapoeng og dermed eit fortrinn i anbudsrundar.

Energi: Mål

145 kWh per kvadratmeter

Energi: Tiltak

Målet er at energiforbruket per kvadratmeter blir redusert ved å oppgradere og etterisolere eldre bygningsmasse. Dei store reduksjonane er ikkje venta før Hans Strøm er ferdig oppgradert i 2023.

Transport: Mål, drivstofforbruk pr. mil

0,5 liter pr.mil

Transport: Tiltak

Det kjem dusj, garderobe og tørkemoglegheit i Hans Strøm etter oppgraderinga.

Det er prosjektert endå eit sykkelhotell med lademoglegheit for el-sykkel. HVO ønskjer med dette å legge endå betre til rette for at fleire skal sykle til jobb.

Avfall: Mål og restavfall

65000 kg

Avfall: Mål og kildesortering

35 %

Avfall: Tiltak

Det skal etablerast fleire kjeldesorteringsstasjonar på høgskuleområdet, også utandørs.

Film om kjeldesortering vil bli vist regelmessig på skjermar i dei ulike bygga.

Grunna oppgradering og mange større ryddeprosjekter vil det fortsatt vere meir avfall enn normalt til neste år. På sikt vil dette gi gevinst i form av redusert avfallsmengde.

Utslipp til luft og vann: Mål

Vurdere om videokonferanse kan vere eit alternativ til reiser.

El bil skal vurderast som alternativ ved bytte av bilar.

Utslipp til luft og vann: Planlagte tiltak

Fortsette å bruke videokonferanse der det er føremålsteneleg.

Annet

-Fagpersonar ved HVO er tilknytt Framtidslaben ved NTNU. Miljøfyrtårngruppa får informasjon om Framtidslaben i møte 6.april.

Miljøfyrtårngruppa ønsker å sjå på om ein i fellsskap kan utarbeide tiltak som gjere høgskulen meir bærekraftig og miljøvennleg.

-Intensivere arbeidet med å gjere Miljøfyrtårn kjend i samarbeid med studentar og Kommunikasjon. Møte med Studentparlamentet og Miljøfyrtårnansvarleg er avtalt i april.